

# Søknad om dispensasjon

**For tiltak på følgende eiendom:**

Gnr:	219	Bnr:	41	Fnr:		Snr:	
Adresse:	5994 VIKANES						

**Søknaden innsendes av :**

Tiltakshavers navn:	Lindås kommune - teknisk drift
Tiltakshavers adresse:	Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ
Kontaktperson:	Ketil Mikkelsen
Telefon dagtid:	56 37 51 68
Epost-adresse:	ketil.mikkelsen@lindas.kommune.no

**Jeg / vi søker om dispensasjon fra (sett kryss for det riktige):**

- |  |
|--|
| <input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplanens arealdel                        |
| <input type="checkbox"/> Kommunedelplan for:                                       |
| <input type="checkbox"/> Reguleringsplan (områdeplan, detaljplan, bebyggelsesplan) |
| Planens navn:<br><hr/>   |
| <input checked="" type="checkbox"/> Plan- og bygningsloven (pbl)                   |
| <input type="checkbox"/> Byggeteknisk forskrift (TEK10)                            |
| <input type="checkbox"/> Annet, beskriv:<br><hr/>                                  |

**Jeg / vi søker om dispensasjon fra følgende bestemmelser i tilknytning til ovennevnte:**

- |   |
|---|
| - KPA, bruk og vern av sjø                          |
| - KPA, føremål bygg og annlegg, næringsbebyggelse   |
| - Plan- og bygningslova §1-8 byggerforbodet mot sjø |

**For å kunne bygge / gjøre:** (beskriv hva du skal bygge / gjøre, som for eksempel bygge garasje, bruksendre del av eksisterende bygg fra bolig til næring osv.)

Kommunal flytekai med gangbru mot land og offentleg parkeringsareal. Flytekai vil ha straum og plass til 5 småbåtar i utliggare på ei side, samt ei fri side for større båtar eller rutebåt. Det vil bli søkt om 5 oppmerka parkeringsplassar på SVV sitt areal langs E39.

BOH har gjort førehandsuttale til tiltaket, og er positiv.

**Jeg / vi søker om:** (sett kryss for det riktige)

- Dispensasjon etter pbl §19-1 (permanent)  
 Dispensasjon etter pbl §19-3 (midlertidig) fram til følgende dato: \_\_\_\_\_

**Begrunnelse for dispensasjonssøknaden:** (bruk gjerne eget ark i tillegg om du trenger mer plass)

Det har i lengre tid vore behov og ønskje om ei offentleg kai i indre delar av Osterfjorden/Vikanes. Ei kai i området vil være teneleg for båtfolket langs fjorden, og kunne gje liv til avsidesliggende delar av fjorden. Kaia vil og være ei mogleg hamn for skyss-/rutebåt. Politisk signal frå Hordaland fylkeskommune tyder på at drift av båtrute i framtida kan bli overført til kommunen. Det blei i November 2017 orientert om prosjektet i formannskapet i Lindås kommune (orientering frå Ass. Rådmann). Basert på presentasjonen blei løysing om etablering av flytekai godtatt framfor ei langt dyrare permanent kai.

Ei flytekai vil gje små inngrep i naturen og strandlinja, og vere enkel og fjerne/flytte ved eit seinare hove. Kaia vil såleis ikkje stå i vegon for mulig framtidig utbygging av bygg, anlegg eller næringsverksemnd i området. Det er og etablert tilsvarande privat kai i kort avstand frå planlagt tiltak.

Før tiltaket blir satt i gang, må Statens Végesen gi dispensasjon fra 50 meters byggegrense til vegmidte av E39. Dispensasjonssøknad er sendt. Teknisk drift og politikare har vore i kontakt med SVV, og desse er positive til tiltaket. SVV ønskjer å leige ut areal langs E39 framfor å selge.

Signatur(er):

<span style="font-size: 1.5em;">21.08-18</span>  LINDÅS KOMMUNE Teknisk drift/VVA	 Datum 21.08.2018 Signatur Rolf Nakkelsen
Dato og underskrift tiltakshaver	Dato og underskrift eventuell ansvarlig søker

Vedlegg:

Beskrivelse av vedlegg	Vedlagt	Ikke Relevant
Kvittering for nabovarsel (skal alltid være med)	Vedlegg 1	
Tegninger	Vedlegg 2	
Situasjonsplan	Vedlegg 3	
Eventuelle uttalelser / vedtak fra andre myndigheter (se SAK10 §6-2)	Vedlegg 4	
Andre vedlegg:	Vedlegg5	

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
142/18	Plan- og miljøutvalet	PS	21.11.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Knut Bjørnevoll	18/2540

**Dispensasjon for etablering av flytekai - GBNR 219/41 Vike**

**Vedlegg :**

Søknad om dispensasjon - Etablering av kommunal flytekai på Vikanes - gbnr 219/41 Vike  
 Vedlegg 2 - Teikningar  
 Vedlegg 3 - Situasjonsplan  
 Vedlegg 4 - Uttalar og vedtak frå andre mynde  
 Vedlegg 5 - andre vedlegg  
 Uttale vedk dispensasjonssøknad for flytekai - gbnr 219/41 Vike

**Plan- og miljøutvalet - 142/18**

**PM - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

**PM - vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealbruken i sjø og på land og plankravet i kommuneplanen sin arealdel (jf. pbl § 11-6 ) og frå byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8 for etablering av flytekai og parkeringsplass. Dispensasjonen gjeld:

- Flytekai 15,7 x 2,7 m med utriggarar på eine sida
- Parkeringsplass

Sjå vurderinga i saksutgreiinga for grunngjeving av vedtaket.

Før arbeidet kan settast igang, må det ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 og etter hamnelova.

Dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dispensasjon er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl § 21-9.

**Saksopplysningar:**

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Dersom Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon, skal vedtaket sendast til Fylkesmannen i

Hordaland til klageurdering. Bergen og Omland Havnevesen får også saka oversendt til handsaming etter særlov.

### **Saksopplysning**

Eigedom: gbnr. 219/41 Vike

Tiltakshavar: Lindås kommune

Grunneigar: Statens vegvesen (Europaveg 39)

### **Saka gjeld**

søknad om dispensasjon for etablering av kommunal flytekai 15,7 x 2,7 m med utriggarar på eine sida og ei fri side for større båt eller rutebåt. I tillegg skal det etablerast biloppstillingsplas for brukarane av kaien.

### **Nabovarsel**

er sendt ut. Det har ikkje komme merknader.

### **Privatrettslege forhold**

Frå Statens vegvesen er det uttrykt vilje til å leiga ut arealet.

### **Andre styresmakter**

Statens vegvesen og Bergen og omland havnevesen har tidlegare uttalt seg positivt til tiltaket.

### **Tilkomst, avkøyrslle og parkering**


På Statens vegvesen sin grunn med arealføremålet trafikkareal skal det etablerast 5 biloppstillingsplassar.

### **Planstatus**

I kommuneplanen sin arealDEL er arealføremålet bruk og vern av sjø, næring og trafikkføremål.

Kaien og parkeringsplassen skal vera offentleg og ligg på/inntil offentleg areal (Europaveg 39). I kommuneplanen er det areal sett av til småbåthamn på begge sider av omsøkte areal, men desse er i privat eige.

### **Kart/Foto**



## Dispensasjon

For å få løyve til å etablere flytebrygge og biloppstillingsplass, er det søkt om dispensasjon fra

- KPA, bruk og vern av sjø
- KPA, føremål bygg og anlegg, næringsbebyggelse
- Plan- og bygningslova §1-8 byggerforbodet mot sjø

### Begrunnelse for dispensasjonsplasjen: (Bruk gjerne eget ark i tillegg om du trenger mer plass)

Det har i lengre tid vært behov og ønske om et offentlig kai i indre delar av Osterfjorden/Vikanes. Et kai i området vil være en viktig forbindelse langs fjorden, og komme gi et attraktivt utdøddeliggjørende delar av fjorden. Kaien vil også være et mögleg hamn for fritids-/turbåter. På tross av at Hordaland fylkeskommune typisk på grunn av drift av båtrute i framtida kan bli overført til kommunen. Det ble i November 2017 orientert om prosjektet i formannskapet i Lindås kommune (orientering frå Ass. Rødmann). Basert på presentasjonen blei løyving om etablering av flytekai godkjatt framfor ei langt dyrere permanent kai.

Ei flytekai vil gje mindre innregning i naturen og strandlinja, og vere enkel og gjerne flytte ved ett seintre høve. Kaien vil såleis ikke stå i veien for mulig framtidig utbygging av bygg, anlegg eller næringsverksamhet i området. Det er også etablert tilsvarende privat kai i kort avstand frå planlagt tiltak.

Før tiltaket blir katt i gang, må Statens Vegvesen gi dispensasjon fra 50 meters byggegrense til vegmidte av E39. Dispensasjonsmaksnad er sendt. Teknisk drift og politikare har vore i kontakt med SVV, og desse er positive til tiltaket. SVV ønsker å laige ut areal langs E39 framfor å selje.

**Begrunnelse for dispensasjonsøknaden:** (bruk **gjerne eget ark i tillegg om du trenger mer plass)**  
Det har i lengre tid vært behov og ønske om et offentlig kai i Indre delar av Osterfjorden/Vikanes. Et kai i området vil være temelg for båtfolket langs fjorden, og kunne gi liv til svært dyrkande delar av fjorden. Kaisa vil og være et mulig alternativ for skyss-/rutebåt. Politisk signal fra Hordaland fylkeskommune tyder på at drift av båtrute i framtid kan bli overført til kommunen. Det ble i November 2017 orientert om prosjektet i formannskapet i Lindås kommune (orientering fra Ass. Rädmann). Basert på presentasjonen blei leyning om etablering av flytekai godkjent framfor ei langt dyrere permanent kai.

Et flytekai vil gi små inngrep i naturen og strandlinja, og vera enkel og gjerne flytta ved eit seinare høve. Kaisa vil ståle i stedje att i vegen for mulig framtidig utbygging av bygg, anlegg eller næringsverksamd i området. Det er også etablert tilsvarende privat kai i kort avstand frå planlagt tiltak.

Til tattaket blir sett i gang, må Statens Vegvesen gi dispensasjon fra 50 meters byggegrense til vegmidde av E39. Dispensasjonsøknad er sendt. Teknisk drift og politikare har vore i kontakt med SVV, og desse er positive til tiltaket. SVV ønsker å løfte ut areal langs E39 framfor kaien.

## Uttale frå anna styresmakt

**Fiskeridirektoratet og Bergen og omland havnevesen** har gjeve positiv førehandsuttale til tiltaket.

Søknaden vart sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Bergen og omland havnevesen og kommunen si planavdeling. Det har ikkje komme merknader til søknaden.

## Forhold til anna lovverk

Flytekaien må ha godkjenning etter Hamnelova (Bergen og omland havnevesen). Dispensasjon frå veglova og avkjørsle for biloppstillingsplassen må håndsamast av Statens vegvesen. Desse løyva må vera på plass før søknad om igangsettingsløyve eller løyve i eitt trinn etter plan- og bygningslova kan godkjennast.

## Vurdering Pbl § 12-1

Fylkesmannen har i ei anna sak bedt kommunen om å vurdera søknaden i forhold til Pbl § 12-1.

2. og 3. ledd lyder:

*Kommunestyret skal sørge for at det blir utarbeidet reguleringsplan for de områder i kommunen hvor dette følger av loven eller av kommuneplanens arealdel, samt der det ellers er behov for å sikre forsvarlig planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, flerbruk og vern i forhold til berørte private og offentlige interesser.*

*For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan. Tillatelse etter § 20-2, jf. 21-4 for slike tiltak, kan ikke gis før det foreligger reguleringsplan.*

Etter kommunen si vurdering er tiltaket av ein slik storleik og karakter at det kan godkjennast utan krav om reguleringsplan, med vurdering av dispensasjon frå arealbruken i sjø og på

land og frå byggeforbodet i strandsona etter pbl § 1-8.

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. Vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er kumulative vilkår, jf. pbl § 19-2 (2). Det vil seia at alle vilkåra må vera stetta før ein kan gje dispensasjon.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulepper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

*Omsynet bak kravet i kommuneplanen, om utarbeiding av reguleringsplan i byggeområde, er å sikra forsvarleg planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, fleirbruk og vem i forhold til berørte private og offentlege interesser.*

Etablering av tilkomst til flytebrygge og ein liten parkeringsplass på areal som delvis er opparbeidd kan ikkje seiast å setta omsynet bak denne regelen vesentleg til side.

*Omsynet bak byggeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftsinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser. Desse omsyna vil, i varierande grad, og gjerde seg gjeldande på ein bygd eigedom. Til dømes vil landskapsomsyn, her landskapsestetikk, tilseie at fysiske inngrep og/eller anlegg i strandlinja lyt avgrensast. Det er om lag det same omsynet som ligg bak fleirbruksområde i sjø (NFFF).*

Omsøkte tiltak gjev ikkje vesentlege negative konsekvensar, då anlegget er tiltenkt fleire brukarar i tillegg til allmenn bruk.

Ulemper:

- Tiltaket er i strid med arealbruken i kommuneplanen og byggeforbodet i strandsona
- Godkjenning av dispensasjonssøknaden kan medføra uheldig presedens.

Fordelar:

- Tiltaket er eit fellesanlegg for tilkomst til øyar nærområdet og evt. rutesamband og til allmenn bruk som tilkomst
- Det har ikkje komme merknader frå naboor
- Det har ikkje komme innvendingar frå andre styresmakter
- Statens vegvesen som grunneigar er positiv til tiltaket

Administrasjonen kan ikkje sjå at dei omsyna som arealbruken i kommuneplanen og byggeforbodet i strandsona skal ivareta, blir vesentleg sett til side som følgje av dette tiltaket, eller at godkjenning vil medføra uheldig presedens. Tiltaket er eit viktig leidd i det å sikre tilkomst til landsida frå dei som er avhengig av båttransport til øyane i nærområdet. Ut frå ei konkret vurdering kjem administrasjonen til at fordelane er større enn ulempene.

På bakgrunn av dette finn vi at vilkåra for dispensasjon i pbl § 19-2 er oppfylte. Søknad om dispensasjon vert godkjent.

**Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nyttar rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

**Lenke til innsyn:**